



Helge Færø
Hosøyvegen 44
5993 OSTEREIDET

Unnateke off.
§ 13 1. ledd, jf. fvl. § 13 1.
ledd nr. 1

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6728 - 16/33734

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
08.12.2016

Gbnr 232/2 Storset. Løyving av SMIL middel til å sette opp gjerde.

Eigedom: Gnr.232 bnr.2 Storset
Adresse: Storset, 5993 Ostereidet
Type tiltak: Oppsetting av gjerde rundr delar av eigedommen
Søker: Helge Færø

Saka gjeld:

Det vert søkt om tilskot til å sette opp gjerde på eigedommen. Føremålet er å halde beitedyr på eigen grunn. Søknaden manglar kart og det er difor umogeleg å sjå nærare kva området gjerdet gjeld for. Samla lengde på omsøkt gjerde er 1000 meter. Søker har rekna kostnadane til å vere kr.122000,-.

Vurdering og vedtak:

Inngjerding av gammal kulturmark er eit prioritert tiltak i gjeldane strategi for bruk av SMIL midlane. Prisen som kan godkjennast for å sette opp gjerde er kr.80,- pr. meter gjerde. Dette inkluderer både arbeid og materiell. For 1000 meter gjerde kan ein då godkjenne eit kostnadsoverslag på kr.80000,-. Tilskotssatsen er 50%. Tilskot vert etter dett kr.40000,-. Arbeidsfristen vert i første omgang sett til tre år frå 15.12.2016. Fristen kan etter søknad lengast med inntil 2 år.

Storset er eit viktig turområde. At landskapet vert halde ope og område tilgjengeleg, er viktig. På denne bakgrunnen vert tiltaket prioritert. Kommunen ber om at det vert lagt fram kart over tiltaket, no i etterkant. Dersom det syner seg at tiltaket ikkje var i samsvar med føresetnadene for løyving, kan kommunen trekke inn heile eller delar av tilskotet.

VEDTAK:

Med heimel i forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket og tiltaksstrategien for bruk av SMIL-midlar i Lindås kommune, løyver Lindås kommune kr.40000,- til oppsett av gjerde på gbnr. 232/2 Storset. Arbeidsfristen vert sett til 15.12.2019.

Klagerett :



Vedtaket kan påklagast jfr forvaltningslova §§ 28 og 29. Klagen sendast kommunen som vurderer om klagen vert teke til følgje. Dersom kommunen ikkje tek klagen til følgje skal den sendast vidare til fylkesmannen med ein uttale. Fylkesmannen fattar endeleg vedtak i klagesaka.

Generelt om løyving av SMIL – midlar :

- Frist for gjennomføring er generelt 3 år viss ikkje det er sett ein spesifikk dato i vedtaket. Men det kan søkjast om utsetjing av arbeidsfristen utifrå grunngjeving, seinast 1 månad før fristen går ut. Men ikkje utover 5 år frå tilskotet vart løyvd. Løyvd tilskot kan trekkjast attende heilt eller delvis dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga jfr § 10 i forskrifta om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Utbetaling av tilskot:

- Utbetaling av tilskot skjer etter skriftleg oppmoding frå søker (saldokort) og når tiltaket har fått godkjent sluttregneskapet. Det kan også gjerast delutbetaling på bakgrunn av godkjent dokumentasjon etter kvart som delar av tiltaket er utført. Minst 25 % av tilskotet vert halde tilbake inntil arbeidet er fullført og sluttregneskap er godkjent.
- I søknad om sluttutbetaling skal det leggjast ved regneskap med timelister for eige og leigd arbeid, fakturaer for innkjøpt materialer og gjerne fotodokumentasjon.
- Til utbetaling vil konto 3632.55.87584 verta nytta. Søklar pliktar å informera skriftleg om endring av kontonummer.

Kommunen si rolle i gjennomføring av tilskotsordninga:

- Kommunen gjer vedtak og orienterer Fylkesmannen si landbruksavdeling om løyvinga.
- Førespurnad om delutbetaling eller sluttutbetaling skal rettast til kommunen.
- Søknad om utsetjing av arbeidsfrist skal rettast til kommunen. Det er viktig at ein søker om utsetjing i god tid før fristen går ut, minimum ein månad.

Kontroll:

- Kommunen tek synfaring og godkjenner etter at arbeidet er gjort etter planen.
- Fylkesmannen si landbruksavdeling kan også foreta synfaring på ferdige tiltak. De vil i såfall verta varsla på førehand.
- Kommunen, Fylkesmannen eller Riksrevisjonen kan krevja naudsynte opplysningar og kontrollera at bruken av tilskotsmidlane er i tråd med føresetnadane. Jfr § 9 i forskrifta

Med helsing

Kjartan Nyhammer
landbrukssjef

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN

Mottakarar:

Helge Færø

Hosøyvegen 44

5993

OSTEREIDET